



Per Tore Lunde  
Nordangervågen 57  
5939 Sletta

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/5680 - 23/59982

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
25.07.2023

## **Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 416/20 Mjøs**

Tiltak: Søknad om deling  
Byggjestad: Gbnr 416/20  
Tiltakshavar: Per Tore Lunde


Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 13.07.2023.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Opplysningar du har fått tidlegare om at det ikkje var naudsynt å søkje om dispensasjon frå arealformålet var dessverre ikkje rette. Me seier oss leie for det. Det er først når kommunen får inn ein søknad at ein sjekkar grundigare opp mot planar og lovverk.

Tomta du søker frådelt ligg i område sett av til LNF (landbruk, natur og friluft) i kommunedelplan for Radøy. Innanfor dette arealformålet er det ikkje tillate å opprette nye bustadtomter. Delar av tomta du søker om er sett av til LNF-spreidd bustad, noverande. Her er det tillate å gjere visse tiltak på eksisterande eigedom utan å måtte søkje om dispensasjon. Gjeld ikkje oppretting av ny grunneigedom.



Det må derfor søkjast om dispensasjon frå arealformålet. Informasjon om dispensasjon finn du mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#). Me gjer merksam på at søknad om dispensasjon skal nabovarsas.

2. Søknaden er sendt inn før fristen for å komme med merknader til nabovarsel var ute. Dersom det har komme inn merknader til søknaden må desse sendast inn. Eventuelle merknader må også kommenterast.
3. Ut frå situasjonskartet som er lagt ved søknaden ser det ut til at ny eigedom kjem nærare eksisterande bygning enn 4 meter. Det må derfor leggjast fram nabosamtykke på at dette er greitt. (Skjema som kan nyttast er lagt ved.)

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 27.08.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

nabosamtykke.-erklaring-om-avstand. (4)

**Mottakarar:**

Per Tore Lunde

Nordangervågen 57

5939

Sletta